



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd torsdag 02.05.24 kl. 19.00 i gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Sissel Sørebø, Kjersti J. Søreide, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.

Ingunn Østerbø på telefon

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

07/24 Terje delte litt info frå fellestrådet.

08/24 Det er pr no komme inn 13771,- (utanom vipps) til Kirkens Nødhjelp fasteaksjon.

09/24 Det er no notestativ til kyrkja i Bjordal.

10/24 Konfirmantopplegg 2024 / 2025 er under planlegging. Inger C. blir meir involvert, og det blir eit liknande samarbeid som i år.

11/24 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- T- klubb i gamlebanken for 1. kl. og oppover 12. mars - 6 barn + Heike og Mari - Ann.
- Gudsteneste for små og store i Bjordal 17. mars - 23 personar – fleire hjalp til i gudstenesta.
- Påskesamling for store og små i Ortnevik 27. mars – 47 personar. Forteljning v/ Inger C. Anders B. spela og fleire las dikt. Gjennom musikk, song og dikt følgde vi påskedramaet frå palmesøndag til 1. påskedag. Opent bibliotek og kyrkjekaffi i grendehuset etterpå.
- Gudsteneste i Bjordal 31. mars - song v/ Aud Marit Bjordal - 31 personar.
- T- klubb i gamlebanken 9. april - 5 barn + Heike og Ann I.
- Gudsteneste i Bjordal 21. april - 26 personar. Konfirmant og fjorårskonfirmantar deltok.
- Dugnad på kyrkjegardane – 29. april i Ortnevik med 11 framømte og 30. april i Bjordal med 12 personar.
- 2 samlingar med song på Bygdetunet med ca 12 personar kvar gong.
- Andakt på Bygdetunet ein gong i månaden - og det vil frå mai bli musikk til songen.
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

Sakliste

Sak 20/24 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 6. mars.

Vedtak: Møteprotokoll frå 6. mars vart godkjent.

Sak 21/24 Gudstenesteplan haust 2024

Soknerådet hadde ein gjennomgang av planen og drøfta det som var sett opp.

Vedtak: Camilla tek kontakt med Stig J.; markering av verdiåret og julekonsert treng ikkje vere med i gudstenestelista.

Sak 22/24 Misjonsprosjekt NMS : forslag om å velje eit nytt prosjekt, vi har hatt Mali – prosjekt i mange år.

Vedtak: Soknerådet vil ha prosjekt i Etiopia; betre levekår – fokus på kvinner og ungdom for 2 år – fram til 2026. Sissel tek kontakt med NMS, og Ann I. blir kontaktperson. Vi har markering i kyrkja i september.

Sak 23/24 Open kyrkje i Ortnevik i skuleferien.

Vedtak: Det blir same opplegg som fjoråret med open kyrkje fredagar 16.00 -18.00 i skuleferien. Om det er mulig kan det gjerne vere ein vert tilstades. Vi set opp plakatar, bruker nett og kyrkjelydsblad for å informere. Kyrkjetenar Joar får beskjed.

Sak 24/24 Kyrkjeskys – korleis kan vi organisere det ?

Organisering av det frivillige arbeidet, korleis kan vi gjere dette på ein god måte ? (Kyrkjevert osv).

Vedtak: Sissel kan stå som kontaktperson om ein treng kyrkjeskys og kan vidareformidle til aktuelle personar.

Mobilnummer blir ført opp på plakatar. Når det gjeld det frivillige arbeidet, vil Inger C. og Kjersti organisere kyrkjevert til gudstenestene.

Sak 25/24 Planlegging av utegudstenestene i sommar og kyrkjevertar til 12. mai og 17. mai.

Vedtak : 2 juni – dagsturhytta på Søreide : det blir grilling (kvar tek med grillmat), leik og natursti.

Kjersti tek med vatn; kjøper inn saft og koppar, og høyrer med ungdommar i 4H om å hjelpe til med natursti. Å fått frakta opp eit høgtalaranlegg hadde vore fint. Terje kan vere grillsjef om han er heime.

7. juli Sørebø : Sissel har hovudansvar for natursti og leik for barna, ho får hjelp frå andre i soknerådet med benk/ stolar og anna praktisk. Kvar tek med grillmat, og kanskje blir det sal av mylse.

29. juli Sande : Ann I. tek kontakt med Ruth Sande, og har ansvar for bakst til kyrkjekaffien.

12. mai : Sissel pyntar og er kyrkjevert. Inger C. deler ut gåve til konfirmanten; rose og hefte om Bjordal kyrkje som vi brukar å gje i gåve frå kyrkjelyden.

17. mai : Sissel pyntar og er kyrkjevert i Bjordal. Ann I. skaffar vert i Ortnevik - i tillegg til å pynte i kyrkja.

Sak 26/24 Drøfte behovet for og moglegheiter for fjerning av kyrkjebenkar bakerst i Bjordal kyrkje (evt Ortnevik) for å ha plass til leik og evt bord til kyrkjekaffi.

Vedtak: Soknerådet ser positivt på saka og ber Camilla sende ein søknad til fellesrådet.

Sak 27/24 Kyrkjjetenarstillinga i Bjordal.

Soknerådet kom med fleire namn på personar.

Vedtak: Kjersti kontaktar ein person. Løysing på kyrkjjetenarutfordringa må utarbeidast i samarbeid med kyrkjevevja.

Sak 28/24 Ortnevik kyrkje 100 år.

Jubileumsnemnda skal saman med Stig J. ha møte i mai for å drøfte programmet.

Soknerådet ser behovet for nytt gjerde rundt kyrkja som ei viktig prioritering til feiringa.

Vedtak: Terje sender mail; og saka blir tatt opp i fellesrådet.

Sak 29/24 Stoff til neste Helgestunder.

Vedtak: Dette blir med i neste blad: bilde frå dognad på kyrkjegardane og konfirmasjon. Info om kyrkjeskyss, open kyrkje i Ortnevik, nytt NMS prosjekt, friluftsgudstenestene på Sørebø og Sande og markering av verdiåret i stavkyrkja i Ortnevik.

Sak 30/24 Møteplan vidare

Vedtak : Neste møte blir torsdag 29. august i Ortnevik.

Eventuelt

Sak 31/24 Trusopplæringsgruppe med representantar frå fleire sokn.

Det er ynskje om ei trusopplæringsgruppe som kan samlast saman med Heike.

Vedtak: Camilla vart valt frå soknet vårt.

Sak 32/24 Ny støvsugar til Bjordal kyrkje.

Vedtak: Sissel tek kontakt med Stig J./fellesrådet om å skaffe ny støvsugar til kyrkja.

Til avslutning delte Inger C. perspektiv ; høgger vi stein eller bygger vi katedral.

Camilla M. Ådland
Leiar

Ann Iren Østerbø
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor